

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 16.04.2007 **Tid:** 15.15-17.35

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 4, inkl. 0 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
John Magne Bogevik

**I staden møtte:**

**Andre som var tilstade på møtet:** Ass.adm.sjef Våge under heile møtet. Kommunekasserar Eikestad og Adm.sjef Ramsli under sak 04/07, 08- og delar av 09/07.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18. april 2007

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Sak 07/07 vert trekt. Innkalling og sakliste var godkjent der sak 04/07 vart handsama etter sak 09/07.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:****MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordførar orienterte om ballbingen på Lønnebakken og krav frå fylkesmannen om ny handsaming.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0004/07	07/00150 <b>BUDSJETTENDRINGAR 2007</b>
0005/07	06/00449 <b>NORSK BANE A.S. SØKNAD OM ØKONOMISK STØNAD</b>
0006/07	07/00150 <b>SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007. BUDSJETT</b>
0007/07	05/00316 <b>FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017</b>
0008/07	07/00145 <b>GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2006</b>
0009/07	07/00053 <b>ÅRSMELDING 2006.</b>

0004/07

## **BUDSJETTENDRINGAR 2007**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Knt. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert redusert med 3 millionar. Forventa reduksjon vert dekkja frå disposisjonsfondet 1.9002.8800.9400.

Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Knt. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert redusert med 3 millionar. Forventa reduksjon vert dekkja frå disposisjonsfondet 1.9002.8800.9400.

0005/07

## **NORSK BANE A.S. SØKNAD OM ØKONOMISK STØNAD**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gir eit tilskot på kr 10.000 til arbeidet til Norsk Bane a.s. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet. Tilskotet vert ført på funksjon 1.1400.2835.

#### **Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune gir eit tilskot på kr 10.000 til arbeidet til Norsk Bane a.s. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet. Tilskotet vert ført på funksjon 1.1400.2835.

0007/07

## **FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2007 - 2017**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Saka vart trekt.

#### **Vedtak:**

0008/07

## **GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2006**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

PØ-utvalet fekk utdelt revisjonen si vurdering av kommunerekneskapen. Revisjonsmeldinga tilrår kommunen å godkjenne rekneskapen. Utvalet sette fram følgjande framlegg:”

Samnanger kommunestyre godkjenner kommunerekneskapen for 2006 for Samnanger kommune slik som den ligg føre.”

Brigt Olav Gåsdaal sette fram følgjande tilleggsframlegg til vedtak om godkjenning:

”Overskotet i rekneskapen - kr. 3.468.197,32 vert sett av til disposisjonsfondet.” Det vart røysta over begge framlegga, som vart samrøystes vedtekne.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommunestyre godkjenner kommunerekneskapen for 2006 for Samnanger kommune slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen - kr. 3.468.197,32 vert sett av til disposisjonsfondet.

0009/07

## **ÅRSMELDING 2006.**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk gjennom årsmelding kapittel for kapittel og slutta seg til følgjande:

”Årsmeldinga for 2006 for Samnanger kommune vert teken til orientering. ”

Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Årsmeldinga for 2006 for Samnanger kommune vert teken til orientering.

0006/07

## **SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007. BUDSJETT**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Helge Reistad (Bgl) sette fram følgjande framlegg: ”Det vert løynd inntil kr. 100.000,- frå Disposisjonsfondet til 100-årsjubileet i Samnanger kommune.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr. 100.000,- frå Disposisjonsfondet til 100-årsjubileet i Samnanger kommune.